

## ***Forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv.***

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet xx.xx.xxxx med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) §§ 3 og 18.

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med tilskot etter denne forskrifta er å medverke til å dekkje kostnadene til avløsning ved sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon og dødsfall.

### **§ 2. Forholdet til jordbruksoppgjeret**

Tilskotet vert utrekna med grunnlag i føresegner om satsar og definisjonar m.m. fastsett i medhald av jordbruksoppgjeret.

### **§ 3. Generelle vilkår**

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til føretak som er registrert i Einingsregisteret og som driv vanleg jordbruksproduksjon.

Den personen som det vert kravd avløsning for må ha hatt ei gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå føretaket på minimum ½ G i dei to siste avslutta likningsåra pr. 1. januar i det året avløysinga finn sted.

Tilskotet kan gjevast til dekking av dokumenterte utgifter til avløsning.

Som avløyning reknast ikkje arbeid utført av person som

1. har næringsinntekt frå føretaket,
2. er ektefelle eller sambuar til nokon som har næringsinntekt frå føretaket, eller
3. er under 15 år.

### **§ 4. Tilskot ved sjukdom**

Det kan gjevast tilskot dersom den personen som det vert søkt tilskot for er sjukemeldt frå arbeid i føretaket.

Når den det søkjast tilskot for har vore sjukemeldt i til saman 365 dagar dei tre siste åra, opphøyrer retten til tilskot. Tilskotet kan på ny gjevast når den som det vert søkt tilskot for har vore heilt arbeidsfør i 26 veker.

### **§ 5. Tilskot ved svangerskap, fødsel, og adopsjon av barn under 15 år**

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for er gravid og tek i mot svangerskaps pengar.

Det kan gjevast tilskot når den det vert søkt tilskot for tek i mot foreldrepengar eller eingangsstønad etter folketrygdlova kapittel 14.

I samband med fødsel kan ytast tilskot for avløyning av faren i inntil 14 samanhengande dagar dersom han bur saman med mora til barnet, og føretaket ikkje tek i mot tilskot for avløyning av mor i desse dagane. Der adoptivforeldre og fosterforeldre tek over omsorga, kan det òg ytast slikt tilskot til ein av foreldra. Dette gjeld likevel ikkje ved stebarnsadoptsjon eller der barnet er over 15 år.

## **§ 6. Tilskot ved sjukdom hos barn**

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for følgjer barn til legeundersøking eller anna oppfølging i samband med sjukdom eller skade. Tilskotet kan gjevast til med det kalenderåret barnet fyller 12 år.

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for har barn med kronisk sjukdom, langvarig sjukdom eller har nedsett funksjonsevne og det derfor er ei markert auke av risikoen for at personen får fråvær frå arbeidet sitt i føretaket. Tilskotet kan gjevast til og med det kalenderåret barnet fyller 18 år. Det kan òg gjevast tilskot for å kunne delta i opplæring ved godkjend helseinstitusjon eller offentleg kompetansesenter for å kunne ta seg av og behandle barnet.

Tilskotet kan gjevast inntil 20 dagar pr. år for kvar av foreldra. For einslege foreldre kan det gjevast tilskot i inntil 40 dagar pr. år.

## **§ 7. Tilskot ved dødsfall**

Attlevande ektemake/sambuar, barn eller foreldre til avdød person som har drevet eit føretak med vanleg jordbruksproduksjon og som har hatt ei gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå dette føretaket på minimum ½ G i dei to siste kjente likningsåra, kan utan omsyn til vilkåra i § 3 første og andre ledd gjevast tilskot til avløyning i inntil 8 veker etter dødsfallet.

## **§ 8. Søknad**

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er 3 månader etter dagen avløyninga fann stad. Ved ein samanhengande avløyingsperiode reknast fristen frå siste dag i perioden.

Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

## **§ 9. Administrasjon, dispensasjon og klage**

Landbruksdirektoratet administrerar tilskot etter denne forskrifta. Vedtak om tilskot gjerast av kommunen.

Fylkesmannen kan i særskilte høve dispensera frå reglane i § 3 andre ledd, §§ 4 t.o.m. 7 samt § 8 andre ledd.

Vedtak som er gjort av kommunen kan klagast til fylkesmannen. Vedtak som er gjort av fylkesmannen kan klagast til Landbruksdirektoratet.

**§ 10. Opplysningsplikt og kontroll**

Søkjaren av tilskot pliktar å gje alle opplysningar som kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerar at utbetaling av tilskot er rett. Søkjaren pliktar å utlevere all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Opplysningar gitt i forbindelse med søknad om tilskot kan òg kontrollerast ved teljing og måling på dei eigedomar som føretaket nyttar i drifta.

**§ 11. Avkorting ved regelverksbrudd**

Dersom føretaket aktlaust eller forsettleg driv eller har drive sin verksemd i strid med denne forskrifta eller anna regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av det tilskotet som tilfaller føretaket avkortast.

**§ 12. Avkorting ved feilopplysningar**

Dersom føretaket aktlaust eller forsettleg har gjeve feil opplysningar i søknaden som har eller ville danna grunnlag for ei urettmessig utbetaling av tilskot, skal heile eller delar av det tilskotet som tilfaller føretaket avkortast.

**§ 13. Attendebetaling og renter mv.**

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfyljing av vilkåra i denne forskrifta eller av andre grunner har motteke ein utbetaling som ikkje var rettmessig, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare utbetalingar av tilskot. Tilsvarende gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 11 og § 12.

Der mottakaren ikkje var i aktsam god tru om utbetalinga, kan renter krevjast frå det tidspunkt tilbakebetalingskravet er komen fram til føretaket. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. For rentar gjeld elles lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

Krav frå offentlege styresmaktar som spring ut av føretaket si jordbruksverksemd kan motreknast i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

**§ 14. Iverksetjing**

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2015. Frå same tid blir forskrift 8. november 2006 nr. 1227 om tilskot til avløyssing oppheva.